

GRAVPLASSVEDTEKTER

FOR GRAVPLASSANE I FJALER KOMMUNE

Jfr. Lov-1996-06-07-32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) § 21. Vedtekter og avifter. Sist endret LOV-2021-06-18-98.

Vedtekne av Fjaler kyrkjelege fellesråd, 18.02.2004.

Godkjende av Bjørgvin bispedømeråd, 23.03.2004.

§ 1. Administrasjon og drift.

Fjaler sokneråd har ansvar for anlegg, drift og forvaltning av gravplassane i Fjaler kommune. Dette gjeld gravplassane i Dale, Guddal, Folkestad og på Hellevik.

Kyrkjeverja er ansvarleg for den daglege drifta av gravplassane. Han/ho ser til at register og kartverk vert ført, tilviser plass for graver, godkjenner gravminne og fundament, varslar når feste forfell til betaling og er næraste overordna for dei som er tilsette på gravplassane. Grav skal berre opnast etter beskjed frå kyrkjeverje.

§ 2. Gravplassstilhøyring.

Alle personar som er busette i kommunen når dei dør, kan gravleggjast på kva for ein av gravplassane i kommunen som er ønskjeleg, dersom der er ledige graver.

Dette gjeld også om avdøde på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, på institusjon eller hos nære slektningar.

Personar som bur utanfor Fjaler kommune kan få grav på gravplassane i Fjaler mot å dekkje kostnadene med eventuell seremoni i kyrkja og kostnad med opning og lukking av grav, samt betale festeavgift frå gravleggingstidspunktet. Dette gjeld både for kister og urner.

§ 3. Fredingstid og festetid.

Ei kistegrav er freda i 25 år. I denne tida kan ein likevel sette ned urner i ei kistegrav.

Ei urnegrav er freda i 20 år.

Festetida er vanlegvis 5 år. (Unntaksvis 10 år.)

§ 4. Feste av grav

Når ei kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste (tinge) ei grav ved sida av. I særskilde høve kan ein søkje Fjaler sokneråd om å feste (tinge) ei ekstra grav i tillegg til dei to. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ei grav er festa når det er betalt festeavgift.

Etter at festetida er ute, har ein høve til å feste ei grav / ein gravstad for nye 5 år, til saman 65 år etter siste gravlegging. Når det har gått 65 år etter siste gravlegging, kan ikkje festet fornyast utan etter særleg samtykke frå Fjaler sokneråd.

I god tid før fredingstida eller festetida er ute, skal kyrkjeverje varsle den ansvarlege for fri grav, eller festaren, skriftleg. Er ikkje festet oppretta eller fornya innan 6 månader etter at varselet er sendt ut, fell grava / gravstaden attende til gravplassen og kan fritt nyttast opp att. (jfr.§18;lova).

Når ei grav vert festa, vert kvitteringa for innbetalt festeavgift rekna som festebrev.

Dersom den ansvarlege for fri grav eller festaren sitt samtykke om bruk av grav ikkje kan bli innhenta, kan Fjaler sokneråd ta avgjerd om gravlegging.

Festaren pliktar å melde adresseendring.

§ 5. Grav og gravminne.

Ved opning av grav kan jord leggest på kringliggjande graver. Gravminne og planter blir mellombels flytta.

Gravplassen sine tilsette vil syte for at grava vert planert og sådd til med gras etter gravlegging.

Montering av gravminne kan først skje etter at kyrkjeverja har tilvist plass og kontrollert gravminnet, og tidlegast 6 månader etter gravlegging av kiste. I påvente av gravminne kan ein mellombels setje opp eit merke med namn. Dersom gravminnet sig og vert ståande skeivt, er det festar sitt ansvar å rette opp gravminnet.

På ein gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er teken i bruk, og flyttast til midten av gravstaden seks månader etter neste gravlegging. Festaren må sjølv ta initiativ til at dette vert gjort, og koste arbeidet med det. Dersom gravminnet ikkje er sentrert innan eitt år etter siste gravlegging, syter kyrkjeverje for at det vert gjort og sender faktura til festar.

Dersom ei grav ikkje skal festast lenger, er det ansvarleg for fri grav/festar som skal syte for å ta bort gravminnet.

§ 6. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Plantefeltet må ikkje vere breiare enn lengda på sokkelen til gravminnet, men kan på små gravminne likevel vere opp til 60 cm breitt. Det må ikkje stikke lenger fram enn 70 cm, målt frå bakkanten av sokkelen. Det må ikkje plantast vokstrar som skyggjer for det som står skrive på gravminnet, er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å plante vokstrar på utsida av plantefeltet eller på baksida av gravminnet. Skrifta på gravminnet må vere godt leseleg.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinkant som fluktar med terrenget rundt. Det er også høve til å bruke ei min 5 cm tjukk bedplate i plantefeltet, men plata må vere skilt frå sokkelen.

På same måten som for gravminnet, er den som er ”ansvarleg for fri grav / festar av grav” ansvarleg for å rette opp steinremser og planteplater viss/når bakken sig.

Bruk av runde natursteinar, plastgjenstandar, planta hekk m.v. er ikkje tillate brukt rundt plantefeltet.

Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, enten lause i bedet eller festa med hurtigkopling på gravminnet. Slike og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk. Det er ikkje høve til å bruke gasslykt. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomeurner, lykter m.v. på gravminnet, sokkelen, eller i plantefeltet. På grunn av vedlikehaldet er det heller ikkje høve til å plassere lause dekorting på sokkelen, på steinremser eller på planteplata.

§ 7. Plantemateriale.

Planter, kransar og liknande materiale som vert brukt ved gravferd eller ved pynting av grav, og som ender som avfall, skal vere av materiale som blir til kompost.

Etter ei gravferd syter den ansvarlege for grava eller festar for at visne kransar og liknande vert fjerna frå grava i rimeleg tid etter gravferda har funne stad. Om ønskjeleg kan kyrkjeverje få dette fjerna, men må då få beskjed.

§ 8. Stell av grav.

Einkvar ansvarleg for fri grav, eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava / gravstaden som vedkomande har ansvaret for etter dei reglar som gjeld. (jfr.§19 i lova)
Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, må såast til med plenfrø av den ansvarlege. Dette kan gravplassen sine folk likevel gjere utan nærare varsel.
Det kan ikkje plantast på festa graver som ikkje er tekne i bruk.

§ 9. Orden.

Etter arbeid på gravene må avfall fjernast og sorterast og leggjast på dei stadene som er sette av til dette (Kjeldesortering). Reiskap som høyrer gravplassen til, skal setjast attende på plass.

§ 10. Næringsverksemd.

Næringsdrivande som ønskjer å drive inntektsgjevande verksemd på gravplassen, skal varsle kyrkjeverja. Slik verksemd kan berre vere montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell på graver. Dersom nokon ikkje orienterer seg om lokale vedtekter eller set opp gravminne på ein måte som ikkje samsvarer med lokale retningsliner, vil dei bli nekta å utføre nemnde arbeid. Dette trass i at det er gravminneeigar som er ansvarleg for gravminnet.

Tilsette av Fjaler sokneråd kan ikkje selje varer eller tenester som vedkjem gravplassane.

§ 11. Andre tilhøve.

Tilhøve som ikkje er nemnde i gravplassvedtektene, blir avgjort av Fjaler sokneråd.



Fjaler sokneråd, sak FS 07/15 Fr. Vedtak 03.03.2015: Dale Gravplass - Stenging av gravfelt

Gravfelt G og H på Dale gravplass vert stengde for graving med unntak av dei gravene som er tinga/reservert. Stenginga gjeld til omreguleringa av gravfelta er gjennomført.

Utvalde paragrafar frå Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) V 07.06.1996, sist endra 16.06.2021.

§ 9 *Hvem som sørger for gravferden.* (For langt å gjengi – Ta kontakt med kyrkjeverje)

§ 14 *Feste av grav. 3.ledd.*

Festetiden skal ikke være lengre enn 20 år. Et feste kan fornyes dersom graven er holdt i hevd og fornyelse ikke vil vanskeliggjøre en forsvarlig drift av gravplassen.

§ 15 *Festerens rettigheter og plikter. 1. ledd.*

Festeren har rett til å bestemme hvem som skal gravlegges i graven og forsyne graven med gravminne samt ellers rå over den, om ikke annet følger av gjeldende bestemmelser. Festeren har plikt til å holde graven i hevd.

§ 16 *Overføring av feste...2 ledd.*

Når festeren dør, skal dødsboet gi gravplassmyndigheten melding om hvem festet ønskes overført til. Ved uenighet treffer gravplassmyndigheten avgjørelse.

§ 18 *Opphør av feste. (1. og 2. ledd, 1 punktum)*

Et feste opphører når festetiden er ute.

Når festet opphører, skal festeren om mulig gis anledning til å fjerne gravminne og lignende innretning fra gravplassen.

§ 19. *Regler om fri grav.1 og 2 punktum*

Dersom det er en ansvarlig for graven, kan en fri grav forsynes med gravminne i samsvar med gjeldende bestemmelser. Den ansvarlige har plikt til å holde graven i hevd.

§ 24 *Klageadgang.*

Enkeltvedtak som er truffet av gravplassmyndigheten eller kommunen etter loven eller etter regler i medhold av loven, kan påklages til statsforvalteren.

Enkeltvedtak som er truffet av statsforvalteren etter loven eller etter regler i medhold av loven, kan påklages til departementet.

Utvalde paragrafer frå Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassforskriften) av 10.01.1997, sist endret 23.3.2023

Kapittel I. Gravplass.

§ 5. *Endring av gravplass, 1. ledd..*

Endring av hele eller deler av gravplass kan bl.a. skje ved oppfylling, utarbeidelse av ny gravplan eller omlegging av veger. I forbindelse med endring kan grav forskyves med inntil en halv gravbredde og gravlengde uten at det bryter med forutsetningene for feste av grav. Antall graver i hvert feste skal være uforandret. Gravminner kan flyttes i overensstemmelse med nytt gravkart.

§ 10 *Ansvar for skade*

Gravplassmyndigheten er ikke ansvarlig for skader på graver eller gravutstyr medmindre skaden skyldes uaktsomhet fra gravplassens betjening.

Kapittel II. Graver.

§ 17 Feste av gravsted.

Kistegraver kan festes sammen som ett gravsted. Feste av gravsted kan bare skje i forbindelse med dødsfall. Den graven som tas i bruk først i et gravsted, er fri grav i fredningstiden

Kapittel III. Gravminner

§20 Merking av grav.

På fri grav som ikke er anonym grav og på festet grav og gravsted kan det plasseres gravminne. Med gravminne forstås minnesmerke med navn og data på den gravlagte. Det skal som regel bare plasseres ett gravminne på hvert gravsted.

Andre minnesmerker enn gravminner kan bare plasseres på gravplass dersom statsforvalteren gir samtykke til det.

Fester av grav eller ansvarlig for fri grav er eier av vedkommende gravminne.

§21 Tekst m.m. 1. ledd, 1. punktum.

Tekst, fotografi, dekor og symbolbruk på gravminne skal være sømmelig, og det navn som settes på skal være identisk med navnet på den som er gravlagt.

§22 Kvalitet.

Til gravminne og fast tilbehør kan bare anvendes materialer som er bestandige og lite vedlikeholdskrevende. Det skal tåle de påkjenninger det utsettes for av klimaet og ved vanlig drift og vedlikehold av gravplassen.

§23 Dimensjoner. 1. ledd.

Gravminne skal ikke være høyere enn 150 cm, bredere enn 85 cm og tykkere enn 60 cm, begrenset slik at største høyde x største bredde x største tykkelse ikke overstiger 0,2 m³ og vekten ikke overstiger 300 kg.

§24. Sikring. 1., 2. og 4. ledd

Stående gravminne i stein skal festes til fundament i stein med to 15 cm lange og 12 mm tykke rustfrie bolter.

Fundament skal ha en form og en størrelse som sikrer at gravminnet står stabilt og skal i bunnen ha en anleggsflate som er dobbelt så bred som gravminnets tykkelse.

Fundamentet kan være opptil 10 cm lengre enn gravminnets bredde.

Gravminne som er mer enn 60 cm høyt skal ha en fundamentdybde som utgjør minst 20% av gravminnets høyde over bakken. Fundament skal ikke være synlig over bakken.

Når særlige grunner tilsier det, kan Gravplassmyndigheten skjerpe eller lempe kravene etter denne paragrafen.

§ 25 Godkjenning.

Gravplassmyndigheten skal godkjenne gravminne og fundament før det settes opp på gravplassen. Gravminne skal plasseres på anvist plass ved merkepinne plassert i fundamentets bakre midtpunkt.

§26 Ansvar.

Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på gravplassen. Når fellesrådet finner det nødvendig, skal eieren varsles med pålegg om å bringe gravminnet i overensstemmelse med de krav som er stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eieren unnlater å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst hvor eieren befinner seg, kan fellesrådet sette i verk tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, herunder fjerne gravminnet.

BETALINGSVEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I FJALER KOMMUNE

Avgiftssatsen for feste av grav er, i samsvar med Gravferdslova § 12, andre ledd og etter framlegg frå Fjaler sokneråd, vedteken av Fjaler kommunestyre 15.04.2021 med verknad frå 01.05.2021.

Festeavgift

1. Alle personar som er busette i kommunen når dei døy, har rett på fri grav i fredingstida som er 25 år i Fjaler kommune.
Rett til fri grav gjeld og ved bruk av tinga grav og ved gjenbruk av grav. Dersom tinga/festa grav vert teken i bruk før festetida er ute, vert innbetalt festeavgift ikkje refundert eller godskrive ei anna grav. Det same gjeld ved gjenbruk av grav.
2. For feste ut over frigravperioden, og ved tinging av grav, betaler ein kr 200 pr. grav pr. år. Ein festeperiode er normalt 5 år .
3. Ved dødsfall er det høve til å tinge/ feste ei grav ved sida av den som vert teken i bruk. Ved særlege høve kan ein søkje soknerådet om å få tinge ei ekstra grav i tillegg til dei to. Ved tinging av grav betaler ein for den (dei) tinga grava (-ene). Den grava som først vert teken i bruk i ein gravstad (to graver, unntaksvis tre), er fri grav i fredingstida.

Gravferdsavgift / dekking av kostnader ved graving (opning og lukking av grav)

4. Personar som ikkje er busette i kommunen (ikkje er registrerte i folkeregisteret i Fjaler) når dei døy, må dekke faktiske utgifter/kjøp av teneste av entreprenør for opning og lukking av grav. Avgift for feste av grav kjem i tillegg.
Ved gravferdsseremoni i kyrkja kjem leige av kyrkja og leige av organist i tillegg.

Dette gjeld ikkje om den døde, på grunn av sjukdom eller alderdom, har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, på institusjon eller hos nære slektningar.

5. Ved særlege grunnar kan soknerådet, etter søknad, gje dispensasjon frå betalingsvedtektene.
6. Kommunestyret kan, etter framlegg frå soknerådet, når som helst regulere satsane for festeavgift.